

---

Vår referanse 2020/62567-4  
Dato 17.04.2021

---

Statens vegvesen  
Postboks 1010  
2605 LILLEHAMMER

## KVU E134 - Bergen - utfordringsnotat på høyring

Vi viser til dykkar brev datert 25. mars med høyring av utfordringsnotat for ein KVU E134 - Bergen. Vi meiner notatet gir ein god skildring av utfordringane på strekninga.

Det er behov for eit langt betre samband mellom E 134 og Bergen, og Vestland fylkeskommune ønskjer å delta aktivt i arbeidet med KVU. Mange av diskusjonane om vegløyseringar i indre delar av fylket er knytt til spørsmål om ein framtidig diagonal mellom E134 og Bergen. Det er behov for å lande drøftingane om ein Hordalandsdiagonal slik at fylkeskommunen kan få eit betre grunnlag for å vurdere vegløyseringane i denne delen av fylket.

Vi er einige om at det må vere ei brei tilnærming til det geografiske området for eit samband, slik at alle moglege samband som kan vere aktuelle, vert vurderte.

Vi er einige i eit samfunns mål som legg opp til eit meir effektivt samband mellom Bergensområdet og Austlandet. Samfunns målet må likevel gjerast breiare, slik at den også omfattar omsynet til regional utvikling i indre delar av det sørlege Vestland. Eit nytt samband gir moglegheit for utviding av bu- og arbeidsmarknadsregionen, og vil styrkje konkurransekrafta til næringslivet i området. Det bør også vere ei målsetting å styrkje trafikktryggleiken og samfunnstryggleiken i området m.a. ved å etablere eit samband som er mindre utsett for skred enn det som er tilfelle i dag for dagens samband mellom E134 og Bergensområdet.

Det er store uløyste utfordringar på riksvegar i Vestland fylkeskommune, og det vil ta lang tid å realisere alle sambanda som det er behov for. Ved å leggje opp til kostbare løysingar vil det kunne ta lang tid før ein Hordalandsdiagonal kan realiserast. Det bør etter vår oppfatning leggjast opp til ein nøktern standard der det bør vurderast om delar av dagens vegnett kan bli brukt og utbetra. Vidare bør det bli lagt til grunn ein stegvis utbyggingsrekkefølje. Vi meiner difor at NTP-målet om «Meir veg for pengane» vil vere viktig i KVU-arbeidet.

Vi forstår det slik at ein framtidig veg mellom E134 og Bergen vil bli ein riksveg. Det må avklarast når vegeigaransvaret skal overførast, og kva dette vil ha å seie for vegprosjekt i ein overgangsfase. Fleire av dei aktuelle strekningane for eit samband mellom E134 og Bergen er no under planlegging gjennom reguleringsplan og forprosjekt. Døme på dette er fv. 49 Tokageilet og fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen. Det har vore utarbeida eit forprosjekt for fv. 49 Mundheim-Eikelandsosen. Samfunns målet ved utbygging av desse strekningane er knytt til å fjerne eller redusere rasfare og å betre framkome på strekninga, og/eller å betre framkome, betre trafikktryggleik og fjerne flaskehalsar. Om desse vegane skal planleggjast som del av ein aust-vest-korridor, kan krava til standard og val av vegløysering vere ei anna enn det fylkeskommunen legg til grunn ved utbetring av fylkesveg. Vi meiner at staten må ta eit økonomisk delansvar for utbygging i ein overgangsfase for vegar som seinare vil verte overførte til staten.

Framdriftsplanen legg opp til høyring hausten 2023. Det vil vere ønskjeleg med ei brei og grundig utgreiing slik at det ikkje kjem krav om nye tilleggsutgreiingar. Samstundes er vi opptekne av at framdrifta bli lagt opp slik at arbeidet kan kome i posisjon til å bli fylgt opp i neste rullering av NTP 2026-2037. Vi føreset at framdriftsplanen tek omsyn til balansen mellom krav til fagleg kvalitet og

at alle løysingar blir tilstrekkeleg utgreidd, og at planarbeidet tek omsyn til tidsfristar i NTP-arbeidet.

Med helsing

Dina Lefdal  
Fylkesdirektør infrastruktur og veg

Matti Torgersen  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*